



Arkivnr: 2014/15940-1  
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy/Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014
Opplærings- og helseutvalet		13.05.2014
Samferdselsutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

## Endringar i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune var sist revidert i oktober 2012. Med jamne mellomrom er det av ulike grunnar behov for å gjera justeringar. I denne saka er det dels ei oppfølging av tidlegare vedtak og dels konkrete forslag til endringar som er årsaka.

Det er foreslått endringar som gjeld saksgang etter plan- og bygningslova og nye rutinar for innlevering av spørsmål. Dessutan er det, som følgje av tidlegare vedtak, teke med tillegg om Ungdommens fylkesting og fullmakter på vegsektoren.

### Forslag til innstilling

1. C. Delegasjon etter særlov pkt. 41 Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr 72

§ 5-4 skal lyda:

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

§ 12-10 skal lyda:

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar.

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.

2. D. Delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 skal lyda:

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesveggar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representere fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtaler om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

3. A. Reglement for sakshandsaming pkt. 19 skal lyda:

Kvar medlem av organet kan stilla spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje er nemnde i innkallinga, jfr. § 34 i kommunelova.

Spørsmål bør meldast skriftleg til møteleiar seinast kl. 0900 to dagar før møtet i organet. Dersom spørsmålet er av sær omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

Møteleiaren kan be andre svara på spørsmålet.

Om spørsmål og interpellasjonar (grunngevrne spørsmål) til fylkestinget - sjå reglementet for fylkestinget.

4. A. Reglement for folkevalde organ nytt pkt. Reglement for Ungdommens fylkesting skal lyda:

**REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING**

Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for ungdom i Hordaland, og for Ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan Ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innanfor eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i sakar som vedkjem ungdom.

**1. Samansetjing**

Ungdommens fylkesting har 66 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

**2. Oppgåver**

**a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde:**

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- Gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

**b. Saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:**

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Ungdommens fylkesting
- Saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, planprogram, budsjett og val av Ungdommens fylkesutval.

**c. Saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:**

- Saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom.

**d. Fråsegner**

- Ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

**3. Arbeidsform**

Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på Ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemmer, samt fem varamedlemmer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobbe med Ungdommens planprogram som vert vedteke på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapet.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- leggje fram saker som gjeld levkår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- oppnemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

**4. Sakshandsaming**

For Ungdommens fylkesting gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 30.04.2014

Frå tid til annan oppstår det behov for å gjera endringar i fylkeskommunen sitt delegasjonsreglement. I denne saka vert det foreslått å ta inn nye organ og følgja opp forslag som er lagt fram.

### I. Endring/justering i Delegasjon etter særlov

#### 1. Innstilling i plansaker

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 30.01.14 er det teke inn følgjande:

«**Stein Inge Ryssdal** har registrert at saker som også er samferdselspolitiske eller opplæringspolitiske berre vert behandla i kultur- og ressursutvalet (KURE) som regionalpolitiske saker. Han bad om at samferdselsutvalet (SAMU) og opplærings- og helseutvalet (OPHE) får høve til å gje fråsegn om slike saker før dei vert behandla i KURE. For å unngå forseinka saksbehandling, bør SAMU og OPHE ha møte før KURE. Dette inneber at møtedatoane for dei tre utvala bør endrast, t.d. frå hausten 2014. Fylkesordføraren vil sjå på dette.»

Etter gjeldande reglement (C. Delegasjon etter særlov) har kultur- og ressursutvalet fullmakt etter §§ 5-4 og 12-10 i plan- og bygningslova. Paragrafane lyder:

«§ 5-4

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.»

«§ 12-10

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar.

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.»

Kommunale planar regulerer mange omsyn, og når fylkeskommunen skal uttala seg vil ei breiast mogleg vurdering vera ein fordel for planprosessen og resultatet. Det vert foreslått å ta inn i paragrafane i delegasjonsreglementet med slik endring:

«§ 5-4

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.»

«§ 12-10

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar.

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.»

Den føreslegne endringa vil medføra at opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet må ha møte før kultur- og ressursutvalet slik at ein unngår forseinka saksbehandling. I møteplanen for 2015 er det teke høgde for dette.

## 2. Fullmakter på vegsektoren

Fylkestinget gjorde 11.03.14 i sak 10/2014 slikt samrøystes vedtak:

«Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune pkt. D på vegsektoren pkt. 1.4 Kjøp og sal av eigedom skal lyda:

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representere fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtaler om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.»

Dei nye fullmaktene vert tekne inn i delegasjonsreglementet.

## II. Endring i reglement for sakshandsaming

### Tidsfristar for innlevering av spørsmål

I reglementet for fylkestinget er det fastsett fristar for innlevering av interpellasjonar og spørsmål til møte i fylkestinget. Det er ikkje gitt tilsvarande regulering for andre folkevalde organ.

Ei tid no har det vore praktisert tidsfristar for innlevering av spørsmål til møte i fylkesutvalet slik:

«Spørsmål bør meldast skriftleg til fylkesordførar seinast kl. 0900 to dagar før møtet i fylkesutvalet. Dersom spørsmålet er av særskilt omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte i fylkesutvalet. I slike tilfelle skal fylkesutvalet orienterast om dette.»

Denne ordninga har vist seg å fungera bra, særleg med omsyn til å få fram grundige svar. Ordninga bør gjelda både for fylkesutvalet og andre politiske utval i fylkeskommunen. Det vert difor foreslått å ta inn slik regel i Reglement for sakshandsaming punkt 19. Spørsmål:

«Kvar medlem av organet kan stilla spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje er nemnde i innkallinga, jfr. § 34 i kommunelova.

Spørsmål bør meldast skriftleg til møteleiar seinast kl. 0900 to dagar før møtet i organet. Dersom spørsmålet er av særskilt omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

Møteleiaren kan be andre svara på spørsmålet.

Om spørsmål og interpellasjonar (grunngevrne spørsmål) til fylkestinget - sjå reglementet for fylkestinget.»

### III. Nytt utval i reglementet

Fylkestinget har nyleg avgjort at Ungdommens fylkesting sine rettar og plikter skal regulerast i delegasjonsreglementet.

Ungdommens fylkesting (UFT)sitt sekretariat vart frå til 1. februar 2013 lagt til administrasjonen i Hordaland fylkeskommune (HFK). Tidlegare var hos Hordaland Barne- og Ungdomsråd (HBUR) sekretariat. I overgangen frå HBUR til HFK har administrasjonen forsøkt å få meir struktur på korleis UFT vert handsama og å inkludera UFT i det fylkeskommunale organet. I samband med det la administrasjonen fram eit forslag til mandat og reglement (vedtekter) for UFT i fylkesutvalet 20.-21. november og for vedtak i fylkestinget 10.-11. desember. I mandatet stod det mellom anna at UFT skulle leggast inn i Delegasjonsreglementet.

I arbeidet med å tilpassa regelverket til delegasjonsreglementet vart det naturleg at vedtektene og mandatet vart fletta saman til ein tekst, som så vert teke inn i delegasjonsreglementet.

I det førre mandatet stod det at fylkestinget skulle vedta reglementet (vedtektene) som gir føringar på korleis Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal verte styrt. Når nå UFT får eit reglement i Delegasjonsreglementet synest det ikkje føremålstenleg at fylkestinget skal detaljstyre dei interne prosessane i UFT og UFU. Administrasjonen foreslår difor ei endring frå førre mandat og reglement, slik at UFT sjølv kan fastsetje dei vedtektene dei treng i tillegg for å styre eigen organisasjon. Det vert foreslått å ta inn i delegasjonsreglementet følgjande:

#### REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING

Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for ungdom i Hordaland, og for Ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan Ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innanfor eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i sakar som vedkjem ungdom.

##### 1. Samansetjing

Ungdommens fylkesting har 66 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

##### 2. Oppgåver

###### a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde:

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- Gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

###### b. Saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Ungdommens fylkesting
- Saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, planprogram, budsjett og val av Ungdommens fylkesutval.

###### c. Saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:

- Saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom.

#### **d. Fråsegner**

- Ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

### **3. Arbeidsform**

Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på Ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemer, samt fem varamedlemer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobbe med Ungdommens planprogram som vert vedteke på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapet.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- leggje fram saker som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- oppnemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

### **4. Sakshandsaming**

For Ungdommens fylkesting gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.